

Ukeslutt



Aksel Mjøs
førsteamanuensis
Norges Handelshøyskole

Ukeslutt Bidragsyttere

Alexandra Bech Gjørvi, konsernsjef, SINTEF
Elisabeth Holvik, sjeføkonom, Sparebank 1
Arne Jon Isachsen, professor, Handelshøyskolen BI
Erling Røed Larsen, professor, Handelshøyskolen BI
Aksel Mjøs, førsteamanuensis, Norges Handelshøyskole
Helle Stensbak, sjeføkonom, YS

Reine gaver til menneske i fattige land er fåfengte tiltak. Det er heilskapleg innsats som skapar varig utvikling.



Etter 50 år med militærstyre, lever 26 prosent av befolkninga i Myanmar under fattigdomsgrensa. Artikkelforfattaren fekk forsterka tru på heilskapleg innsats for å skapa reell forbetring då han vitja Strømme-stiftelsen sitt prosjekt i landet.
FOTO: SIMON WEBB, NTB SCANPIX

Vi kan ikkje gi utvikling til fattige!

Isolerte enkelttiltak og gaver frå oss rike skapar ikkje varig utvikling for dei fattigaste i fattige land. Det er kun endringar hjå dei fattige sjølve som gjev langsiktig sjølvberande utvikling.

Eg hadde nyleg privilegiet å få besøkja eit utviklingsprosjekt drive av Strømmestiftelsen i Myanmar. Det var personleg utfordrande, men svært lærerikt. Myanmar er av FN vurdert på 149. plass i utvikling (av 187 land), og 26 prosent lever under fattigdomsgrensa. Likevel er landet etter 50 års militærstyre prega av tru på framtida. Prosjektet sitt mål er å nå dei aller fattigaste landsbyfamiliene, og vi fekk sterke møte med folk i enkle kår som tok tak i eiga utvikling. Min viktigaste lærdom er ei forsterka tru på heilskapleg innsats for å skapa reell forbetring. Reine gaver er fåfengte tiltak. Eg fekk og ny næring til mitt sinne over politisk vanstyre og over maktmenneske som tek livsgrunnlag og framtid frå dei aller fattigaste. La meg likevel fokusera på løysingar heller enn trongen for revolusjon.

Kva inneber så uttrykket «heilskapleg utvikling»? Grunnpremissane er langsiktighet (5 år), respekt og å stimulera dei til å ta ansvar for eiga utvikling. I praksis vil tiltaka variera, men dei fem prioritertane her er:

- lokal organisering
- kunnskap om helse og førebygging
- styrking av ungdomar
- utdanning
- entreprenørskap

I samspelet mellom desse tiltaka, med minimal avhengighet av bidrag utanfrå, kan familiar og landsbyar utvikla sjølvstende. La meg kort kommentera kvart at dei fem områda:

Myanmar har sakna demokrati, også på lokalplanet. Lokal organisering betyr at ein både legg utviklingsplanar i familien og i grupper, men og at landsbyen samlar seg om krav overfor styresmaktene. Dei fleste av dei aller fattigaste har gjennom generasjonar vorte fortalde at dei både er reelt mindreverdige og at dei ikkje kan ta tak i sin eigen situasjon. Hjelp til organisering og planlegging kan endra dette.

Førebygging trumfar behandling

Grunnleggjande helseforståing, der hygiene, ernæring og å unngå tidlege graviditetar står sentralt, er viktig, sidan førebygging alltid trumfar behandling. Dette er særleg viktig for barn, unge og kvinner, for mennene greier seg stort sett.

Ungdom fell ut av skule og arbeidsliv også i Myanmar, og treng støtte til å ta tak i eigen situasjon. Eit eksempel er ei ungdomsgruppe som presenterte oss ein imponerende forretningsplan for sitt nystarta lokale te-hus. Tenårsjenter er ei særleg utsett gruppe i møte med utnytting både i arbeid, seksuelt, og i for tidlege ekteskap. Systematisk skoloring og bevisstgjerjing av desse, mot verdighet og økonomisk sjølvstende, vil ha store ringverknader i fattige samfunn. I tillegg vert posisjonen til maktmisbrukande menn svekka.

Marknadsøkonomi på lokale premisser

Ei sjølvstendig, bærekraftig utvikling krev ein overgang til effektiv marknadsøkonomi på lokale premisser. Dette krev betre fungerande arbeidsmarknader, marknader for varer og tenester og grunnleggjande fi-

nansielle tenester. Tradisjonelt har dei aller fattigaste alltid tapt i alle desse marknadene. Dei er dagarbeidarar utan verken HMS-sikring eller tryggleik for arbeid i morgon. Dei sel varene sine til oppkjøparar utan å kjenna marknadsprisar eller betre salskanalar. I pengenød er dei prisgitt lånehaiar med drepende renter og tilbakebetalingskrav. I praksis endar difor store delar av dei små overskota dei likevel har, i lommene på utnyttande motpartar. Å skapa gode marknader og «ta ut» griske mellommenn er difor god utvikling.

Spare- og lånegrupper, kjernen i det som kallast «mikrofinans», er eit godt verkemiddel for å kunna jamna ut finansielle behov over tid. Kjernen er at ein gjennom fellesskapet i små grupper på kanskje berre fem kvinner (!) både kan stimulera til sparing, men og skapa felles sikkerhet for lån. I områder utan formaliserte register over eige-dom, er kollektive strukturar med gjensidig ansvar det einaste pantet som fungerer. I tillegg kan dei få enklare forsikring mot til dømes naturkatastrofar og sjukdom. Mikrofinans kan verta misbrukt, men ideen er god og hjelper folk å ta tilbake kontrollen over eiga finansiell utvikling.

Mobiltelefonar som både informasjonskanal og betalingsformidlar, møter informasjonsulempene folk tradisjonelt har hatt. Utdanning og direkte informasjon er viktig, men mobilane skapar og betre marknader.

I Etiopia er det eit eksempel på at lokale bønder no kjenner kaffiprisen på marknaden i Addis og difor også lettare kan få rett pris av sin oppkjøpar.

«Litt» midlar kan smørje prosessen

Bistandsfeltet er fullt av utfordrande omgrep og fokus. Med fare for å gjenta gamle debattar, er det stadig frustrerande beløpsfokus innan bistand, enten det er milliardar eller som andel av BNP. I akutt hungersnaud og i møte med store flyktningegrupper ute av stand til å ta ansvar for egne liv, så trengs det store overføringer. Men det skaper ikkje varig utvikling. Dei fleste land som mottok pengar, saknar dessutan forsvarlege institusjonar og er kua av korrupsjon og vanstyre. Då er ikkje store pengeoverføringer løysinga.

Som økonom leitar eg alltid etter folk sin økonomiske motivasjon, også i denne «bransjen». Politikarar viser handlekraft gjennom å gi store beløp. Bistandsarbeidarar sikrar egne jobbar ved å vidareføra prosjekt, heller enn å faktisk skapa samfunn der bistand vert unødvendig. Utviklingsprosjekt har ulik risiko, og det kan vera lettare å visa resultat om mottakarane allereie er på eit visst nivå, enn å hjelpa dei aller mest utsette. Også her forsterkar gode resultat søknadar om nye midlar.

Utover forståing for heilskapleg utviklingsarbeid, gav turen til Myanmar meg fornya respekt for dei vi møtte. Dei kjenner kva utfordringane verkeleg er og har innsikt og ressursar til å ta ansvar framover. Det nyttigaste vi kan gjera, er tilrettelegging, å vera konstruktive utfordrarar og å koma med «litt» midlar som smørjer prosessen i ordets beste forstand.

Aksel Mjøs er styreleiar i Kavlifondet som støttar Strømmestiftelsen sitt arbeid i Myanmar.